



Lindås kommune

Prosedyre - Tvang og makt mot personar med utviklingshemming etter Helse- og omsorgstenestelova, kap. 9

Status: Gjeldende
Type: Lokalt dokument
Utstedelse: 15-11-2016
Redaktør: Bernt Fjordheim
E-post: bernt.fjordheim@lindas.kommune.no

Helse- og omsorgstenestelova, kap 9; Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming

1. Kvalitetsmål:

Målet med denne prosedyren er å hindre at personar med utviklingshemming utset seg sjølv eller andre for vesentleg skade, og at me førebyggjer og avgrensar bruk av tvang og makt. Dersom tvang og makt må nyttast for å hindre vesentleg skade, skal det sikrast at dette vert gjort i tråd med reglane i Helse- og omsorgstenestelova , kap 9.

2. Bruksområde:

Reglane i lova gjeld bruk av tvang og makt i utøving av tenester etter Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr 6, bokstav a-d, til personar med utviklingshemming.

3. Definisjon av tvang og makt:

Etter reglane i dette kapittelet er tvang eller makt tiltak som tenestemottakar motset seg, eller tiltak som er så inngripande at dei uansett motstand må reknast som bruk av tvang eller makt. Bruk av inngripande varslingssystem med tekniske innretningar skal alltid reknast som bruk av tvang eller makt. Alminneleg oppfordring og leiing med handa eller andre liknande fysiske påverknader vert ikkje rekna som bruk av tvang eller makt (§9-2)

4. Vilkår:

Det kan nyttast tvang og makt i følgjande tilfelle (jfr §9-5):

- a) skadeavverjande tiltak i naudsituasjonar
- b) planlagte skadeavverjande tiltak i gjentatte naudsituasjonar
- c) tiltak for å dekkje brukarane sine grunnleggjande behov for mat, drikke, påkleding, kvile, søvn, hygiene og personleg tryggleik, herunder opplærings- og treningstiltak

5. Ansvar:

Overordna fagleg ansvarleg er einingsleiar i eining for funksjonshemma.

Dagleg ansvarleg er avdelingsleiar i den avdelinga som gir tenester til tenestemottakaren.

Tenesteytar er den som til ei kvar tid gir tenester og gjennomfører tiltak i høve til tenestemottakaren.

6. Utføring og dokumentasjon av tvang og makt etter §9-5, bokstav a):

Avgjerd om bruk av tvang og makt vert gjort av dagleg ansvarleg, eller dersom det ikkje er tid til dette, - av tenestytaren.

Tenesteytar: Skal straks etter at tiltaket er gjennomført rapportere hendinga i skjema «Melding om skadeavvergende tiltak» i brukaren sin pesientjournal i Profil (skjema M-SKATIL). Meldinga skal



Lindås kommune

skrivast ut og signerast av den/dei som gjennomførte tiltaket, og straks sendast til dagleg ansvarleg/avdelingsleiar.

Dagleg ansvarleg/avdelingsleiar fyller ut punkt 24 og 25 i meldinga og signerer, og sender meldinga til einingsleiar. Hendinga og bruken av tvang og makt vert tatt opp i personalgruppa for å vurdere endringar for å førebyggje/hindre liknande hendingar.

Overordna fagleg ansvarleg/einingsleiar sender meldinga til Fylkesmannen med kopi til verje og pårørande. Meldinga vert tatt opp på leiarmøte i eininga, for å vurdere tiltak for å førebyggje/hindre liknande hendingar.

7. Vedtak om bruk av tvang og makt etter § 9-5, bokstav b) og c)

For å nytta tvang og makt slik det går fram av § 9-5, bokstav b) og c), må det vere gjort vedtak som er overprøvd og godkjent av Fylkesmannen. Avgjerd om slike vedtak vert gjort av overordna fagleg ansvarleg (einingsleiar).

Det skal sendast henvisning til Spesialisthelsetenesta, som skal bistå i utforming av tiltaka.

Vedtak vert utarbeidd i mal: «Vedtak som innebærer bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming», i tenestemottakar sin pasientjournal i Profil (skjema v-Kap9)

Vedtak kan gjerast for inntil 12 månader om gongen.

Vedtak og tiltak skal evaluerast undervegs slik det er skildra i vedtaket, og 3 månader før vedtak går ut, då eventuelt fornyinng av vedtak skal gjerast, og sendast Fylkesmannen for ny godkjenning.

Fornyng av vedtak vert gjort i mal «Fornyelse av vedtak som innebærer bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming» i tenestemottakar sin pasientjournal i Profil (skjema v-Kap9F)

8. Utføring og dokumentasjon om bruk av tvang og makt etter § 9-5, bokstav b) og c)

Tiltaka skal utførast slik dei er skildra i godkjenninga frå Fylkesmannen. Dersom gjennomføringa avvik frå dette, skal det straks nedteiknast i melding «Melding om skadeavvergende tiltak», sjå pkt 6.

Når tvang og makt vert nytta, skal dette dokumenterast slik det er skildra i vedtak og godkjenning.

Ved gjennomføring skal det vere to tenesteytarar til stades, om ikkje anna går fram av vedtaket.

Ved gjennomføring av tiltak etter §9-5, bokstav b), skal den eine av dei 2 tenestytarane ha helse-, sosial- eller pedagogisk utdanning på høgskulenivå.

Ved gjennomføring av tiltak etter §9-5, bokstav c), skal den eine av dei 2 tenestytarane ha bestått avsluttande eksamen i studieretning for helse- og sosialfag i vidaregående opplæring

Fylkesmannen kan i særlege tilfelle gi dispensasjon frå kompetansekravet. Dette må søkjast om i mal «Søknad om dispensasjon fra utdanningskravet» i tenestemottaksrs pasientjournal (Skjema S-Kap9)

Referansar-/henvising til:

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm av 24.06.2011.

Rundskriv 1S-10/2015. Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt ovenfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming

Intern opplæringsplan om tvang og makt, Eining for funksjonshemma, Lindås kommune